

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 29.10.2014
Frå: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Fagdirektør Øystein Torgauten
Saka gjeld: **Risikovurdering 3. tertial 2014**

Styresak 07/15 (B)

Styremøte 11.02.2014

Forslag til vedtak

Styret tek risikorapport med gjennomførte tiltak og risikovurdering per 3. tertial 2014 til etterretning, og ber om at vedvarande risikoområder tas med inn i risikostyring for 2015.

Oppsummering

Risiko for viktige styringsmål er redusert gjennom systematisk arbeid også i tredje tertial. Risiko er redusert på 3 av 11 delmål, og ingen har auka risiko. Det er ikkje teke inn nye risiko-område i perioden.

SAV har ved utgangen av 2014 ei akseptabel eksponering for risiko, og har handsama dei elementa SAV sjølv har styring med.

Fakta

Det er redusert risiko i 3. tertial på følgjande element;

3.1: SAV har betre **endringsskapasitet** enn før gjennom auka erfaring i prosjektarbeid, prosjektleiing og prosessmodellering.

3.3: Betre balanse mellom **AFT kapasitet** og etterspurnad. I nokon grad skuldast dette ei mindre etterspurnad frå sjukehusa.

4.1: **SAV er ein prosess-styrt organisasjon:** Prosessmodellering er gjennomført for ca. 40 av 60 planlagde prosessar. Lansering vart vedtatt utsett frå 1.12.14 til 1.3.15 for å auke omfang prosessar ferdig modellert, sikre prosess-styring betre forankring i linja, gje breiare opplæring og tilby support frå eigen organisasjon. Regionalt Arkitektorkontor har gjeve god struktur og støtte inn i prosjektet, men har ikkje nådd å byggje opp kapasitet snøgt nok til å gje støtte til å drifta Verksemdsstyring i SAV.

Kommentar

Styringsmål 1 «Tal på skader som kan unngåast i helsetenesta skal halverast innan 2017»

Trygg tilgang på legemiddel er vurdert å ha middels risiko, $R = 9$, gjennom året. Auka bruk av Apotekstyrt Legemiddellager (ASL), og utrulling av bestillingssystemet TønSys har bidrege til sikrere logistikkteneste innanfor Helse Vest. Hovud-utfordringa, svikt i tilgang av legemiddel nasjonalt og internasjonalt, kan berre delvis kompenseras for gjennom auka beredskapslagring.

Trygg handtering / trygg bruk av legemiddel i spesialisthelsetenesta, har same middels risiko gjennom året. SAV har auka sin samla kompetanse og kapasitet gjennom opplæring og utdanning av farmasøytar, spesielt innan klinisk farmasi og bruk av IMM-metodikken. Etterspurnad etter farmasøytiske tenester frå sjukehusføretaka er ikkje vesentlig auka gjennom året.

Eigentilverka legemiddel som Cytostatika-kurar og Total Parenteral Ernæring (TPN), vert framleis produsert på post, men mindre i løpet av 2014. SAV har dokumenterte prosedyrar, tilpassa lokale og utstyr, og personell med spisskompetanse på farmasøytisk produksjon. SAV vil tilby å ta over all slik produksjon, og held fram at dette vil redusere feil og betre pasienttryggleiken. Risiko noko redusert som følgje av at SAV har auka denne produksjonen gjennom 2014.

Styringsmål 2 «Tilpassing til ESA-krav..»

Føremålstenleg forretningsmodell vart greidd ut i 2014, og SAV har so langt tilpassa rekneskapa til krav sete frå sentralt hald. Satsinga på auka sal av handelsvarer er møtt med aksept og forståing i breie lag av dei tilsette. Ein har oppnådd gode resultat, men førebels berre i mindre målestokk.

Interesser til dei tilsette er ivareteken ved representasjon i prosjektet.

Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt for å løyse oppgåver»

Det er gjort tiltak på alle fire delmål. Kompetanse på endringsleiing er auka som del av prosjekt «Verksemdsstyring i SAV, og deltaking i Helse Vest prosjekt. Kjedekontoret er bemanna og i drift. SAV har betre evne og noko auka kapasitet til å levere tenester. Ein opplever at etterspurnad etter farmasøytiske tenester frå sjukehusa ikkje aukar so mykje som lagt til grunn i budsjett. Apotekstyrt Legemiddellager (ASL) er etterspurd og aukar jamt. SAV løyser trong for kapasitetsauke ved omgjering og rasjonalisering av andre oppgåver i sjukehus ekspedisjonane.

Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar»

SAV har arbeidd med prosess-styring i 2014, først gjennom forprosjektet «Kvalitetsstyring i SAV» og frå 1. april gjennom prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» med føremål å etablera eit samordna styringssystem der kvalitet i alle prosessar byggjer opp under SAV sine overordna mål. Lansering er sett til 1. mars 2015. Styringssystemet kalla «SAVvy» vil gje SAV eit godt verkty for auka kvalitet og effektivitet. Vidare legg SAVvy til rette for eintydig samanheng mellom delmål (på prosessnivå) og overordna mål. Ein oppnår samstundes betra evne til hurtig endring, og dermed tilpassing til nye kvalitetskrav.

Nye risikomoment:

SAV vurderer laupande om ny risiko oppstår og treng handsaming. Det er ikkje tatt inn nye risikomoment i perioden.

Konklusjon

Det har vært arbeidd systematisk med risikoredusering i 2014. SAV har ei akseptabel eksponering for risiko, og har handsama element ein har styring med sjølv. SAV vil trekkje med seg vedvarande risikoområder inn i risikostyring for 2015.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Risikomatrise T3 2014